

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Stord	01.02.2023
Dykkar ref.	
Vår ref.	153936/1
Arkivnr.	312-001
Saksbehandler	Sture A. Karlsen
Sider	1

Søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for magasin Hjørnåsvatn i Etne kommune (jfr. vrl. § 8)

Sunnhordland Kraftlag AS har konsesjon til å manøvrere magasinet mellom kote 524,6 (HRV) og kote 523,1 (LRV), dvs. 1,5 m.

Gjennom revurdering av driftsvassvegen frå magasinet til Hardeland kraftverk (G3) fullført og sendt NVE i oktober 2022 er det identifisert ein del tiltak som bør gjennomførast i vassvegen. I samband med at det planleggjast bygging av nytt kraftverk på Hardeland som erstatning for dagens G3, ønskjer vi å komme i gang med dette arbeidet så snart som mogleg. I første omgang skal det etablerast nytt bjelkestengsel i inntaket i Hjørnåsvatn. Lufterøyr same stad skal utbetrast og ny leder monterast. For å kunne utføre dette arbeidet må magasinet senkast under LRV i ein periode.

Sunnhordland Kraftlag AS søker difor om løyve til å senke magasinet ned til kote 520,0, dvs. 3,1 m under LRV med start 5. april 2023 og fram til og med 19. mai 2023.

Årsaka til at vi har valt denne perioden er å trygge minstevassføringa til Sørrelva då det seinare på året ikkje er mogleg grunna nedlegging av G1 og G2 i Hardeland kraftverk samt idriftsetjing av Løkjelsvatn kraftverk. All minstevassføring må då komme frå Hjørnåsvatn.

Vi gjer merksam på at det grunna usikre leveransar av materiell, er ein viss risiko for at vi må utsetje arbeidet til neste år. Vi vil halde NVE orientert om dette.

Vi håper på ei rask og positiv handsaming.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS



Sture A. Karlsen
Vassdragsteknisk ansvarleg
ska@skl.as